

Det som finnes og det som er borte

Forfatter og illustratør: Kaia Dahle Nyhus
(Norge)
Cappelen Damm, 2025

Nominert til Nordisk råds barne- og ungdomslitteraturpris år 2025

Handling: Eg bur i eit hus med blå karmar, med ei mamma og ein pappa, ein hage og ein katt. Men så kjem krigen, og mamma og eg køyrer til eit anna land. Her er det eitt nytt hus, ei ny seng, ein ny katt og ingen pappa. Korleis kan ein kjenne seg heime når ein må flykte frå alt ein kjenner til?

Tema: familie, flukt, barneperspektiv, følelser, krig, savn

Samtale og aktiviteter:

TITTE-LESE med de aller yngste

Bla i boka og sjå på bileta saman med barnet. Kva legg du merke til? Er det nokon oppslag du legg spesielt merke til? Sjå på fargane i boka. Kva fargar finn du? Har du ein favorittfarge?

LITEN

1. Sjå på omslaget til boka. Kva trur du boka handlar om?

2. Sjå på fargane i boka. Er det glade eller triste fargar? Kvifor trur du barnet er kvitt?

3. Kva planter og dyr kjenner du att? Finn du nokre av desse heime hjå deg?

4. Har du ein favorittplante eller eit favorittdyr? Lag ei teikning av din favoritt.

MELLOM

1. Hovudpersonen bur i eit hus med blå karmar, med ei mamma og ein pappa. Kva anna legg du merke til i første oppslag? Er det ein forskjell mellom det som står i tekst og det du finn att i bilete?

2. Allereie i andre oppslag skjer det ei endring. Snakk om korleis livet endrar seg for hovudpersonen. Er det noko som er likt i byrjinga og slutten?



3. Korleis er det å vere ny i ei klasse? Har du vore det sjølv, eller fått ein ny klassekamerat? Kva kan ein gjere for at alle kjenner seg trygge i klassa?

4. I boka er det ei hemmeleg sjokoladeskuff. Kva ville du fylt ei hemmeleg skuff med? Teikn og klipp ut det du vil ha i din hemmelege skuff.

STOR

1. Sjå på første og siste oppslag i boka. Kva er likt og ulikt i bilete og tekst? Kva symbolbruk finn du? Korleis forstår du slutten?

2. Kva synest du om boka? Kva likar du? Var det noko som var vanskeleg å skjønne? Kan du sjå mønster og likskap med andre forteljingar du kjenner?

3. Boka heiter "Det som finnes og det som er borte". Kva tenker du tittelen tyder? Fleire av setningane byrjar med "Det finnes/det finnes ikkje". Skriv anten ein tekst om ein favorittplass der du startar setningane med "det finnes" og "det finnes ikkje", eller ei historie om noko som ikkje finst eller har blitt borte.

4. I kva grad tenker du at boka er aktuell i dag? Trur du boka gjev ei realistisk skildring av korleis det er å vere på flukt i dag?

ANDRE BØKER DET KAN VÆRE FINT Å LESE:

Krigen av Gro Dahle og Kaia Dahle Nyhus

Oravien sota av Riina Katajavuori og Martin Baltscheit

Abbi og eg og Abbi av Dánial Hoydal og Annika Øyrabø

SPRÅKHJØRNET

"Flukt"

svensk

Flykt

dansk

Flugt

norsk

Flukt

islandsk

Flótti

færøysk

Flýggjan

grønlandsk

Qimaaneq

finsk

Pako

nordsamisk

Báhtareapmi



Følg Den nordiske bokslukeren på Instagram for å få mer leseinspirasjon: @nordiskabokslukeren